

## Referat. Styremøte i Vestnes sogelag. April 2022.

Tid: 19.04.22, kl. 19.00 – 20.30

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Liv Signy G. Hellen, Jørn Inge Frostad, Morten Øveraas, Tordis Sivertsen, Tore Tomren

Saksliste:

**1) Konstituering av styret.**

Nye medlemmar: Liv Signy og Jørn Inge.

Ny nestleiar: Tordis.

Morten held fram som leiar, og Tore som sekretær.

**2) Bygdebok-saka.**

Morten orienterte om siste nytt angående bygdeboksaka, med utgangspunkt i møtet på kommunehuset i mars. Som kjent manglar bygdebøker for Helland, Daugstad, Vike / Gjermundnes. Marit R. Hoel har sagt seg villig til gje frå seg materiale ho har liggande.

Dessutan skal kommunen ha noko materiale i arkivet sitt.

Målsettinga er å samla saman relevant materiale og få dette trygt arkivert i magasinet på Romsdalsmuseet. Morten har avtalt å møte Hoel for å sjå på arkivet hennar. Det lyt deretter gjerast ei vurdering av kor mykje som kan brukast i arbeidet med dei gjenværande bøkene.

**3) Aktivitatar i vår/sommar.**

Tore tek kontakt med sogelagsleiar – og ev. andre duglege folk - i Vågstranda for å sjekke moglegheit for ei vitjing der. Tore tek dessutan kontakt med Per Bjørn Ellingseter eller Einar Baltzersen for å innhente erfaringane dei har med tidlegare sogelagsturar. Foreløpig dato: 12. juni.

**4) Eventuelt.**

- Sponsorarbeid. Tordis vil utarbeide forslag til bedrifter me lyt ringe for å sondere interesse. Pris for å få bedriftsnamnet lista opp på dei siste sidene i årboka, samt to eksemplar av boka, har lenge vore 1000 kr. Bør me heve denne prisen til 1500 kr? Dette vil bli tatt opp til diskusjon etter at Tordis har lodda stemninga i skriftstyret.
- I samband med sistnemnde sak blei det lagt fram følgjande idé til artikkel: Ei bildesamling av historiske bedriftslogoar her i kommunen, samt litt informasjon om dei aktuelle bedriftene.
- Ein annan artikkel-idé: Innvandring til Vestnes i eit historisk perspektiv, med utgangspunkt i konkrete erfaringar til enkeltfamiliar. Liv Signy er på saka.
- Morten tok opp eit innspel frå Martinus Løvik om å arbeide for at biblioteket skal få ei fast utstilling med utstyr etter Ivar Brovold. Romsdalsmuseet er positiv til å låne ut objekt. Utstillinga kan kombinerast med «oppfrisking» av lokalhistorie-kroken på biblioteket. Kan hende er det lurt å ha ei rullerande utstilling der ein vekslar mellom ulike lokalhistoriske tema? Morten vil sjekke ut kva bibliotekar Vigdis Ødegård tenkjer om dette.

Vestnes, 19/4-22

Referent: Tore Tomren